



1/2005

Mars 2005 Årgang 12



SIM

Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS



## Notisar rett frå dunken

### Påske og ruteendringar

Merk deg eventuelle ruteendringar på tømekalenderen i samband med påskehelga!

### Ver gild og respekter at hyttekonteinarane berre er for hyttekundar!

Kontakt SIM for å få større dunk eller avtala oftare levering av restavfall dersom du stadig har for liten kapasitet i dunken. Hyttekonteinarane er ikkje eit alternativ for dei som har dunkordning.



Vil du kvitta deg med skrot eller treng du gjødsel til hagen? Ta turen til miljøsentralen.

## Miljøsentralen mykje nytta

Miljøsentralen er staden om det hopar seg opp med skrot, om du skal levera farleg avfall eller om du treng jordforbetningsmiddel til hagen din.

Det er mange som nyttar feriedagar til å rydda, og miljøsentralane i SIM merkar ekstra pågang i slike periodar. Totalt har det vore vel 23 000 besøkjande på dei 6 miljøsentralane i 2004. Kundane som kjem, er flinke til å sortera boset sitt, og dei fleste har forståing for at det kostar litt å kvitta seg med avfallet. Prisen er 75,- kroner for ein liten hengjar og 175,- for ein stor.



### Kompost eller plenblanding?

På miljøsentralen går det framleis an å få kjøpt kompost og plenblanding til hagen. For 150,- kroner kan du få med deg ein liten hengjar med kompost/plenblanding. Dersom du treng større mengder, kostar det 300,- kroner per tonn. SIM-komposten er eit jordforbetningsprodukt som eignar seg særskilt godt der det er litt skrinn jord. Plenblanding er halvt om halvt med kompost og sand, og i denne kan plenfrøa såast direkte.

For liten plass i restavfallsdunken? Hugs at du får kjøpt "ekstrasekk" på kommunehuset eller på miljøsentralen. Pris: Kr. 38,-.



## fleire notisar

### Hugs å sikra dunkane når det blæs kraftig!

I vinter gjorde både Inga og andre sterke vindar seg gjeldande i Hordaland, noko som enkelte stader førte til at dunkar velta. Då vert det naturleg nok også forsøpling. Hugs at på oppstillingsplassen skal dunken plasserast slik at han er verna mot vind og vær og slik at han ikkje er til ulempe for naboar med omsyn til lukt eller søl.

### SIM fekk godkjent botntettinga

Det tok si tid å få ei avklaring, men i februar fekk SIM gladmeldinga frå Fylkesmannen om at deponiet i Svartasmoget har godkjend botntetting. Det vil seia at deponiet ikkje må stengja i 2006 og at avgifta på restavfallet til staten vert rekna etter låg sats. Avgifta i 2005 er kr. 511,- per tonn inklusive mva.

### e Faktura

#### Vil du ha faktura tilsendt elektronisk?

SIM kan tilby alle kundar i Bømlo, Fitjar og Kvinnherad å få renovasjonsgebyret som eFaktura. Neste gong SIM sender ut faktura i desse kommunane, vil det koma tilbod om å melda seg på eFaktura i nettbanken. Dersom du nyttar eFaktura, kjem fakturaen ferdig utfylt i nettbanken din; det einaste du treng gjera, er å klikka for betaling.



## Hald Noreg reint – ver med og rydd!

**Velforeiningar og burettslag som skal rydda i nabolaget i vår, kan levera flygeavfallet gratis. Dei som vil nytta seg av dette tilbodet, må inngå ein avtale med SIM, og ryddinga må gå føre seg i veke 14 til 19.**

Det er mange som gjer ein svært viktig jobb med å rydda fellesområde for å auka trivselen for seg sjølv og andre, og våren er ofte tida då mange arrangerer ryddedugnader for at det skal sjå fint ut på nasjonaldagen. Alle som er med og ryddar, er samstundes på lag med "Hald Noreg Reint", ein nasjonal kampanje der målet er å få søppelet vekk frå det offentlege rommet. Eit anna og like viktig siktemål er at me lét vera å forsøpla.

### Gratis levering

Dersom di velforeining eller ditt burettslag har planar om ein ryddedugnad i vår, kan SIM tilby gratis levering av flygeavfall til bos bilen eller til miljøsentralen; til dette skal det brukast øyremerkte sekkar. Dersom boset skal leverast til bos bilen, må sekkene setjast fram i lag med dunkane den dagen det er tøming av restavfall på den aktuelle staden. Dette må ein ta omsyn til når ein skal planleggja tidspunktet for ryddinga.

### Ryddeavtale

Før ein går i gang, ber me om at ein av arrangørane fyller ut ein ryddeavtale (sjå side 3) og sender denne til SIM. Dersom det er enklare å melda seg på via internett, vil du også kunna fylla ut ein ryddeavtale på heimesidene våre [www.sim.as](http://www.sim.as). OBS! *Tilbodet om gratislevering gjeld i vekene 14 til 19.*

Øyremerka  
"ryddesekk"  
til gratis levering



## RYDDEAVTALE VEKE 14-19



haldNoregreint

SIM

## Ryddedugnad våren 2005

Alle velforeiningar og burettslag som planlegg å arrangera ryddedugnad i nabolaget når det vårast, kan levera oppsamla flygeavfall i godkjende plastsekker til SIM – gratis. Før dugnaden tek til, må det setjast opp ein ryddeavtale. Ryddedugnaden/gratisleveringa må gjennomførast i perioden frå veke 14 til 19.

Fyll ut avtalen og send han til SIM. Det er også mogleg å melde seg på ved å gå inn på [www.sim.as](http://www.sim.as). Når SIM har motteke utfylt avtale, vil sekkene bli delte ut.

Les meir om kampanjen på [www.holdnorgereint.no](http://www.holdnorgereint.no)

## Tipshefte frå "Hald Noregreint"

**Det store vårsleppet**

Det er laga eit eige hefte med nyttige tips til burettslag og velforeiningar som skal arrangera ryddedugnad. Heftet og tilhøyrande informasjonsmaterieill kan du få ved å gå inn på [www.holdnorgereint.no](http://www.holdnorgereint.no) og sjå under vårrydding 2005.

**Viktig melding til andre som vil rydda**

Dersom det er skular, barnehagar, lag og organisasjonar eller andre som skal rydda rundt anlegga sine eller gjera ein ryddejobb for næringslivet, kan SIM vera med og diskutera og føreslå løysningar også for dette avfallet. Gratislevering kan me berre tilby velforeiningar og burettslag som ryddar i buområdet fordi desse då kjem inn under den kommunale renovasjonsordninga (hushaldsavfall).

## RYDDEAVTALE

Område som skal ryddast \*:

Namn på velforeining/burettslag:

Talet på sekker som trengst:

Levering av boset\*\*:

Ansvarleg kontaktperson:

Namn:

Gate:

Postnr.:

Poststad.:

Telefon på dagtid:

E-post:

Godkjent av SIM

Dato:

Signatur:

NB: I samband med ryddeaksjonen kan SIM berre ta med avfall som det er plass til i bossekken. Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall må leverast på miljøsentralen til vanlege vilkår.

\*) Det kan ikkje lagast gratis ryddeavtale for område som kommunen, næringsdrivande, vegvesenet og arrangørar av tilstellingar har eige ryddeansvar for.

\*\*\*) Sekkene må plasserast ved avtalt hentestad på ordinær hentedag for restavfall (sjå tømekalenderen). Det er også mogleg å levera sekkene til miljøsentralen (hugs å ta med kopi av avtaleskjema).

Lukke til med dugnaden!



SIM



## Har du forslag til aktivitetar som kan gje meir ombruk?

**SIM utfordrar lag/organisasjonar og enkeltpersonar til å koma med innspel til aktivitetar som kan føra til meir ombruk.**

Gjenstandar som blir kasta, kan koma til nytte hjå andre; dette kallar me ombruk. Ofte er det snakk om gjenstandar som er heilt

i orden eller som berre treng små reparasjonar for at dei skal kunne nyttast.

Ting som går i arv eller blir gitt bort, loppemarknader, kleinsamling og brukthandel gjennom avisa er døme på ombruk og er med på å halde avfallsmengdene nede. Det SIM tenkjer på i denne omgangen, er om det er nokon som har forslag til korleis SIM i fellesskap med andre kan få til

meir ombruk slik at endå mindre av nyttige ting går til attvinning eller restavfall. SIM si oppgåve vil vera å skaffa "varer", medan andre tek seg av "butikken" i ei eller anna form. Set du inne med idéar om dette, må du ikkje nøla med å ta kontakt med oss, så kan me diskutera forslaget.



## Opningstider

### Miljøsentralane

#### Austevoll, Porsdalen

torsdag: 10.00 - 18.00  
siste laurdag kvar måned  
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

#### Bømlo, Hollundsaldalen

Tysdag: 08.00 - 14.30  
torsdag: 12.00 - 18.00  
siste laurdag kvar måned  
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

#### Fitjar og Stord, Svartasmoget

måndag: 08.00 - 18.00  
tysdag - fredag: 08.00 - 15.30  
annankvar laurdag: 09.00 - 12.00  
(veker med partal vekenr.: 2, 4...)  
Mottak for spesialavfall også på Va-  
bakkjen, Stord, same opningstid som  
bensinstasjonen.

#### Kvinnherad, Husnes industriområde

måndag-tysdag: 08.00 - 13.00  
torsdag: 13.00 - 19.00  
fredag: 08.00 - 13.00  
siste laurdag  
kvar måned: 09.00 - 14.00

#### Sveio, Sveiåsen

måndag: 10.00 - 18.00  
siste laurdag kvar måned  
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

#### Tysnes, Eredalen

tysdag: 10.00 - 18.00  
siste laurdag kvar måned  
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmoget,  
N-5419 Fitjar  
telefon 53 45 78 50  
telefaks 53 45 78 60  
e-post: sim@sim.as  
www.sim.as

**SIM**